

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 5.5.2022 kl.17:00-18:30 – ÅL KYRKJESTUGU

Tilstades: Einar Brattegard, Else Karin Veslegard, Birger Bolstad, Wenche Smestad, Liv Margit Sørbøen, Geir Wiknes, Torfinn Slåtto, Siv Sylvarnes, Wenche Skår-Ekse

Forfall: Arild Øystese Hansen, Anne Kjersti Frøyen

Opning v/Wenche Smestad: Å risikere

Saksnr.

Ansvar

26/22 Godkjenning av innkalling og protokoll

Ingen merknadar til innkalling, saksliste eller protokoll.

27/22 Utdelingsform av nattverden

Etter pandemien har det vore nokre nattverder med intinksjon. Dette bryt med tidlegare vedtak i soknerådet. Det er ulike fordelar og ulemper med bruk av intinksjon og særkalk/beger. Ein ulempe med intinksjon er at dette kan vere mindre hygienisk. På den andre sida kan intinksjon vere meir inkluderande med lågare terskel. Når det er tilstrekkeleg mannskap kan det vere mogleg å tilby utdeling ved altarring med beger i tillegg til intinksjon.

Lokal grunnordning seier at nattverd skal delast ut med beger. Soknerådet vil endre dette punktet og opnar no for bruk av intinksjon.

Pkt 16 i lokal grunnordning lydde slik: «Nattverd kan delast ut rundt altaret eller ståande andre stader i kyrkja men i begge tilfelle med beger.»

Dette blir endra til: «Nattverd kan delast ut rundt altaret eller ståande andre stader i kyrkja og dette kan gjerast med beger eller ved intinksjon. Ved høgtidsgudstenester og skjærtorsdag skal det nyttast beger.»

28/22 Oppstart av strategiarbeid

Geir gjekk raskt gjennom kapittel 4 i «Handbok for sokneråd og kyrkjeleg fellesråd» og han informerte om status og trender for kyrkjeleg statistikk. Tala er utfordrande og soknerådet blir oppmoda om å tenkje strategisk om lokale tiltak for å endre utviklinga.

Eit spørsmål er korleis me kan nå familiar med nyfødde når me ikkje lenger kan sende invitasjon til dåp. Eit framlegg er å lage eit gjennomarbeidd oppslag som kan hengje ved kyrkjene. Me bør også kunne spørje om å kunne slå dette opp på helsestasjonen og evt andre stader.

Skal me prøve eit prosjekt med drop-in dåp? Dette kan vere ein laurdag med t.d. fem moglege tidspunkt for fritt oppmøte. Eit slikt prosjekt vil krevje ein del arbeid med marknadsføring. Soknerådet var i utgangspunktet positive til dette, særleg no etter pandemien når ein del ikkje fekk gjennomført dåp på grunn av restriksjonar.

Kva kan me gjere for å bli relevante for innbygarane i Ål? Soknerådet vil arbeide meir med dette framover.

29/22 Meldingar

- a) Soknerådet dekkjer ekstra kostnadar for solist til konfirmasjonsgudstenester på Torpo og Ål.
- b) Det blir arbeid med leiartrening for ungdomar som kan nyttast i konfirmantarbeidet.

30/22 Eventuelt

Ingen saker

Neste møte: 15.juni kl 17:00

Referent: Torfinn Slåtto